

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/16	Formannskapet	PS	08.06.2016
075/16	Kommunestyret	PS	22.06.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 150	16/538

### Budsjett 2016 - Økonomiplan 2017 - 2020

#### Vedlegg

Økonomiplan 2017 - 2020

Økonomiplan pr. 08.06.16

#### Framlegg til vedtak:

1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020

2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017
3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einskilde driftsåra:

Pr.nr.	Investeringar:	2017	2018	2019	2020

Formannskapet - 082/16 - 08.06.2016

## **FS - behandling:**

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre egedomsskatt på hus og fritidsbustad.

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Det vert i 2016 gjennomført taksering av egedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av egedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av egedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføra nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Egedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert justert i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå egedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

## **Framlegg til vedtak:**

I økonomiplanen for 2016 – 2020 vert det gjort følgjande endringar:

- Egedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen vert justert i tråd med desse endringane.

Med utgangspunkt i dei to framlegga vert det gjort følgjande fellesframlegg:

### **1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med følgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020
Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
Reduksjon egedomsskatt	-5800	-5800	-5800	-5800
Integreringstilskot flyktningar	400	400	400	400

### **2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017**

3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett.

**FS - vedtak:**

1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:		2017	2018	2019	2020
	Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
	Reduksjon egedomsskatt Integreringstilskot flyktningar	-5800 400	-5800 400	-5800 400	-5800 400

2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017
3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett.

**Kommunestyret - 075/16 - 22.06.2016**

**KS - behandling:**

Framlegg til nytt pkt 4:

a) Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre egedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b) Det vert i 2016 gjennomført taksering av egedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av egedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av egedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføra nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Egedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane. Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utrekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå egedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

Formannskapet si tilråding med tillegg av nytt pkt. 4 vart samrøyistes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

1. Økonomiplanen 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020
Netto auke i frie inntekter	4435	4435	4435	4435
Reduksjon egedomsskatt	-5800	-5800	-5800	-5800
Integreringstilskot flyktningar	400	400	400	400

2. 1.års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det idare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017.

3. Dei totale inverteringsrammene for åra 2017 - 2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagt tabelloppsett.

4.a)Austrheim Høgre vil ha ein planmessig gjennomgang av administrasjon og tenesteproduksjon med sikte på ikkje å innføre egedomsskatt på hus og fritidsbustad.

b)Det vert i 2016 gjennomført taksering av egedommar knytt til anna næring, taksering av hus og fritidseigedommar og ny taksering av egedommar knytt til verk og bruk. For Ap vil det vera svært vanskeleg å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar som følgje av Austrheim kommune sin vanskelege økonomiske situasjon. Dei økonomiske utfordringane kommunen har, må etter Ap sine vurderinga løysast gjennom andre tiltak enn ved innføring av egedomsskatt. Grunnen til at me støttar ei taksering av hus og fritidseigedommar no, er at me veit at Finansdepartementet vurderer å innføra nye reglar for skattelegging av verk og bruk. Dersom dette vert ein realitet, vil det få dramatiske konsekvensar for dei kommunane som i dag har skatt på verk og bruk. I ein slik situasjon vil Austrheim kommune bli tvinga til å innføra egedomsskatt på hus og fritidseigedommar. Ap ønskjer difor å ha grunnlaget klart slik at kommunen er godt førebudd dersom regjeringa gjer store endringar i reglane for skattelegging av verk og bruk.

Når det gjeld sjølve økonomiplanen for 2016 – 2020 så ønskjer me at det vert gjort følgjande endringar:

- Egedomsskatt: Vert redusert frå 21 800 til 16 000
- Skatt på inntekt og formue: Vert auka frå 87 700 til 92 135

Dei andre tala i tabellen, blant anna inntektsutjamninga, vert juster i tråd med desse endringane.

Me byggjer forslaget vårt på at KS har rekna ut at Austrheim kommune vil få ein vekst i frie inntekter på 5% frå 2016 til 2017. Desse utekningane skal vera basert på det nye inntektssystemet og vera i tråd med det som kom fram i kommuneproposisjonen i mai. Ser ein bort frå eigedomsskatt og andre inntekter som normalt ikkje vert rekna inn i dei frie inntektene, ser det ut til at KS har rekna ut at Austrheim vil få ein vekst i dei frie inntektene på minst 8,3 millionar kroner. Då skal dei også ha tatt omsyn til ei eventuell inntektsutjamning. Me meiner difor at det vil vera forsvarleg og auka skatteanslaget som vist over.

## Saksopplysninger:

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunelova krev at kvar kommune utarbeidar ein økonomiplan. Økonomiplanen er ein 4-årig plan og inngår i kommuneplanen sin kortsiktige handlingsdel.

I samband med at budsjettet for 2016 vart vedteke, vart også gjeldande økonomiplan rullert.

Det vert vist til den tekstlege delen i budsjettsaka for 2016, for betre skildring av tiltak som berre vert vidareført i denne planen.

Det vert også vist til tertialrapport nr. 1 år 2016, der grunnlaget for endringsframlegg kjem godt fram. Tabelloppsettet som følger saka, inneheld dei endringar som vert tilrådd av rådmannen.

#### Utgangspunktet frå 2015:

I 2014 vart det eit underskot på kr. 5,1 mill som vart dekkja inn gjennom avsatt fondsmidler.

Økonomisk sett var 2015 eit dårlig år, med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 8,2 mill.

Dette underskotet må inndekkast i 2016 og 2017 dersom Austrheim kommune skal unngå å komme på Robæk-lista.

Bakrunnen for det dårlige resultatet var vesentleg svikt i skatteinngongen i høve til budsjett og det som staten meinte Austrheim kommune skulle ha i personskatt.

I tillegg vart utbytte frå BKK halvert i høve til det som vart budsjettert i 2015.

Altså var det ei inntektssvikt i 2015 på netto om lag kr. 5,0 mill.

På utgiftssiden var kostnadsauke i barnevernet og auke i sosialhjelp og introduksjonsstønad dei vesentlege overskridingane i høve til budsjettet.

I 2015 var det opprinnelig budsjettet med kr. 89.803.000,- i skatteinngong mens resultatet vart kr. 82.871.483. Altså ein skattesvik på brutto omlag kr. 7.000.000,-, men netto var resultatet betre då inntektsutjamninga vart redusert.

Med utgangspunkt i skatteinntektene for 2013, 2014 og 2015 vil Austrheim kommune få tilbake småkommunetilskotet i 2017. Prognosene i forhold til landsgjennomsnittet er i desse åra 118,9%, 118,9% og 109,9% slik at vi i snitt ligg under grensen på 120%.

Under føl **tabell som viser utviklinga frå 2012 til 2015 for dei einiske rammeområda:**

<b>Rammeområde</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Justert</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2015</b>	<b>avvik i %</b>	<b>rekneskap</b>
100 Rådmann	21 331	15 951	16 794	17 031	16 510	-3,2	-1,7
101 Politisk styring og kontrollorgan	-	3 061	2 971	3 390	3 231	-4,9	8,8
190 Interne serviceeininger til fordeling	-	3 780	4 530	4 740	4 262	-11,2	-5,9
200 Administrasjon undervisning	1 034	1 083	1 196	1 687	2 266	25,6	89,5
201 PPT og barnevern	7 776	8 440	10 093	10 884	10 897	0,1	8,0
210 Årås skule	19 558	20 676	22 225	23 171	22 582	-2,6	1,6
211 Kaland skule	11 490	12 067	12 830	13 677	13 353	-2,4	4,1
220 Austrheim kystbarnehage	9 041	10 384	12 753	12 851	12 682	-1,3	-0,6
221 Kaland barnehage	6 990	7 419	8 679	8 623	8 151	-5,8	-6,1
250 Musikk- og kulturskule	1 305	1 333	1 477	1 607	1 536	-4,6	4,0
251 Bibliotek	1 267	1 267	1 428	1 451	1 336	-8,6	-6,4
255 Anna kultur	2 057	2 042	2 292	2 404	2 067	-16,3	-9,8
290 Undervisning og arbeidssenter	1 828	1 836	1 815	1 657	1 561	-6,1	-14,0
300 Administrasjon helse og sosial	539	452	498	522	669	22,0	34,3
301 Helsetjeneste	5 616	6 028	7 325	7 554	6 807	-11,0	-7,1
302 Sosiale tjenester	2 257	2 381	2 722	5 587	6 213	10,1	128,3
330 Nordliheimen	19 969	20 551	21 989	22 000	20 626	-6,7	-6,2
331 Kjøkken Nordliheimen	3 278	3 360	3 588	3 564	3 419	-4,2	-4,7
332 Heimetjenester I	8 849	8 894	9 930	9 786	9 740	-0,5	-1,9
333 Heimetjenester II	6 111	7 559	7 281	7 811	8 124	3,9	11,6
500 Plan,byggesak,miljø	2 947	1 923	2 383	2 229	1 325	-68,2	-44,4
501 Interkomm.landbruk/veterinær	-	547	668	600	757	20,7	13,3
600 Administrasjon teknisk	1 612	-384	-1 339	-1 722	-994	-73,2	-25,8
604 Egedomsavdeling (Bygg,maskiner,utstyr)	7 855	8 946	9 005	9 378	8 595	-9,1	-4,6
605 Reinhaldsavdeling	5 227	4 931	5 481	5 112	5 417	5,6	-1,2
<b>T O T A L T</b>	<b>147 938</b>	<b>154 524</b>	<b>168 614</b>	<b>175 594</b>	<b>171 130</b>	<b>-2,6</b>	<b>1,5</b>

Helsetenesta i kommunen bidrar til at vi har det lågaste sjukefråværet i fylket, enten vi arbeider i kommunen eller andre stader i Austrheim.

Største investeringar i 2015 var oppgradering av Årås skule, klubbhuset og parken for kommunehuset .

Med utgangspunktet i det därlege resultatet i 2015 er det sett igong eit prosjekt som har som oppgåve å kome med innsparingstiltak i drifta. I 2015 gav prosjektet som resultat at det vart ei innsparing på om lag kr. 4 mill. i løn og sosiale kostnader. Alle ledige stillingar vart vurdert.Dette fortsetter inn i 2016.

#### **Utgangspunktet frå 2016:**

Det vert vist til tertialrapport 1.-2016, sjå eiga sak.

Det er lagt opp til at det skal bli eit overskot i 2016 slik at ein del av underskotet i 2015 kan dekkast. I høve til skatteinngongen i 2016 vil mai månad vera svært viktig.

---

#### **Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017- Fylkesmannen si gjennomgang:**

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017, jf. kommuneopposisjonen Prop. 123 S. I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og

moderniseringsdepartementet (KMD).

## **Endringar i det økonomiske opplegget for 2016**

### Skatteinntekter

Pårekna skatteinntekter for kommunane er auka med kr. 575 mill. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skattevekst i år aukar difor frå 6,0 prosent til 6,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett, i høve til faktisk innkomen skatt i 2015. Auken i pårekna skattenivå for i år samanlikna med det skattenivået som blei lagt til grunn i statsbudsjettet har samanheng med skattevekst i siste delen av 2015.

### Kostnadsvekst

I revidert nasjonalbudsjett er det rekna med lågare lønsvekst enn i statsbudsjettet. Pårekna lønsvekst er redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Auke i konsumprisindeksen frå 2,5 prosent til 2,8 prosent trekk i motsett retning. Det fører til at kostnadsdeflatoren for kommunane blir redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,6 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren. Det inneber ei pårekna kostnadsinnsparing for kommunane på om lag kr. 320 mill.

### Kommunal tiltakspakke

Regjeringa gjer framlegg om eit eingongstilskot på til saman kr. 250 mill. for 2016 til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak. Ordninga omfattar kommunar på Sør- og Vestlandet med høgare arbeidsløyse enn landsgjennomsnittet. Hordaland sin del av ramma er kr. 41.480.000,-.

Det blir teke utgangspunkt i talet på arbeidslause per april i år. På dette tidspunktet var 3,1 prosent av arbeidsstyrken i landet heilt arbeidslaus. Tilskotet vil bli gitt med likt kronebeløp per heilt arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent.

Tilskotet blir fordelt utan søknad. Tilskotet skal nyttast til tiltak som blir sett i gang i 2016 i tillegg til allereie vedteke tiltak i kommunane sine budsjett for 2016. Det blir lagt opp til rapportering om bruken. Midlar som ikkje er brukte til føremålet må bli betalte tilbake.

Fordeling av tilskotet mellom kommunane i Hordaland i kr. 1.000,-

Bergen	15 445
Sveio	193
Bømlo	1231
Stord	8099
Kvinnherad	2053
Granvin	100
Samnanger	42
Os	349
Sund	1932
Fjell	5898
Askøy	984
Meland	963
Øygarden	1101
Radøy	451
Lindås	1895
Austrheim	509
Fedje	235
Sum	41 480

#### **Kommuneopplegget for 2017 - generelt**

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. frå 2016 til 2017. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten for 2017 vil difor bli endra når stats-budsjettet blir lagt fram til hausten dersom pårekna inntektsnivå for i år blir endra.

Veksten i dei frie inntektene på mellom kr. 3,45 mrd. og 3,7 mrd. er realauke slik at pris-kompensasjon frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekka auka ressurs-innsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Det er lagt til grunn at av veksten i dei frie inntektene, vil om lag kr. 2,0 mrd. (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga) gå til auka utgifter knytt til befolkningsutviklinga for kommunane.
2. Pensjon. For kommunane kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr. 0,7 mrd. (kr. 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga), utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Det må understrekast at det er stor uvisse knytt til dette overslaget.

Pårekna auke i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på bakgrunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiserings-kostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.

3. Av veksten i dei frie inntektene i 2017 er kr. 300 mill. grunngjeve med auka satsing innan rusområdet.

### **Skjønstilskot for 2017**

Basisramme skjønstilskot for landet blir kr. 1191 mill. Dette er ein reduksjon på kr. 100 mill. frå basisramme i landet i 2016. Beløpet på kr. 100 mill. blir overført til kommunane sitt inn-byggjartilskot i inntektssystemet. Det kan for 2017 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylka.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstillskot.

Kr. 400 mill. av skjønsramma er frå og med 2011 gitt til kommunar som tapte mykje på endringane i inntektssystemet i 2011. Denne ramma er blitt fordelt av departementet mellom kommunane. Fordelinga har lagt fast med same årlege beløp til dei aktuelle kommunane til neste revisjon av kostnadsnøklane, det vil seie med same fordeling i perioden 2011 - 2016.

I Hordaland har følgjande kommunar fått kompensasjon, tilskotsbeløp i parentes:

Bergen (kr. 46,6 mill.)

Bømlo (kr. 3,7 mill.)

Stord (kr. 0,7 mill.)

Kvinnherad (kr. 5,2 mill.)

Voss (kr. 1,8 mill.)

Os (kr. 2,6 mill.)

Fjell (kr. 2,5 mill.)

Askøy (kr. 0,4 mill.)

Lindås (kr. 7,6 mill.)

Austrheim (kr. 1,6 mill.)

Masfjorden (kr. 0,1 mill.).

Som følgje av at det for 2017 blir gjennomført revisjon av kostnadsnøklane i inntekts-systemet, blir denne kompensasjonsordninga ikkje vidareført i 2017. Vi presiserer at det ikkje er dei ordinære skjønsmidlane, som Fylkesmannen fordeler, som blir avslutta for 2017.

Ramma på kr. 400 mill. vil framleis i 2017 vere ein del av skjønsramma men blir i staden gitt som kompensasjon knytt til følgjande:

### Reduksjon basistilskot ved samanslåing

Reduksjon basistilskot i samband med nytt inntektssystem frå 01.01.2017. Kr. 300 mill. blir sett av til kompensasjon for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing i kommunereformperioden og som får redusert basistilskot i perioden 2017 - 2019. Modell og omfang for kompensasjonsordninga blir lagt fram i statsbudsjettet for 2017. Kompensasjon blir gitt som skjønstilskot i 2017.

Kommunar som slår seg saman i kommunereformperioden vil få erstatta bortfall av basis-tilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet i 2016, når samanslåing blir sett i verk.

Kompensasjonsordninga i overgangsperioden omfattar reduksjon i basistilskot. Det er føre-bels ikkje lagt opp til at ordninga omfattar reduksjon i distriktstilskot og småkommunetilskot i overgangsperioden.

### Tilskot mellomstore kommunar

Kr. 100 mill. blir sett av til mellomstore kommunar som slår seg saman. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing. Departementet vil i statsbudsjettet til hausten gi nærmare opplysningar.

Ramma på kr. 100 mill. utgjer halvårsverknaden, det vil seie for andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet kr. 200 mill.

### Infrastrukturtiltak

Stortinget vedtok i statsbudsjettet (2016) ei løyving til fylkesvegar og andre infrastruktur-tiltak i kommunar som slår seg saman, og det blei sett av kr. 50 mill. til denne ordninga. For 2017 blir det sett av kr. 100 mill. innafor fylkeskommunane si skjønsramme til føremålet.

### **Veksttilskot**

Veksttilskot blir i 2016 gitt til kommunar som i dei siste tre åra har hatt ein årleg gjennom-snittleg folkevekst høgare enn 1,5 prosent. Tilskot blir i 2016 gitt med kr. 56.485,- per ny innbyggjar utover vekstgrensa.

For 2017 er det framlegg om å redusera vekstgrensa til 1,4 prosent for veksttilskot. I Horda-land er samla veksttilskot for 2017 utrekna til om lag kr. 49,4 mill.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i veksttilskot.

Det er ikkje framlegg om å la veksttilskotet vere med i grunnlaget for årlege inndelingstilskot i samband med kommunesamanslåing. Dersom ein ny kommune har høg nok vekst i folke-talet, vil den oppnå veksttilskot på same måte som andre kommunar.

Departementet har gjort følgjande utrekning av veksttilskot i 2017 for kommunar i Hordaland, i kr. 1.000,-:

Askøy	7831
Austevoll	1426
Fitjar	636
Fjell	11675
Jondal	259
Lindås	2995
Meland	2942
Os	16251
Sund	3567
Øygarden	1831
Sum	49413

### **Selskapsskatt**

Innføring av kommunal selskapsskatt blir utsett. Ei innføring no ville ha kunne gitt større u-visse knytt til inntektene i kommunar med særlege utfordringar i næringslivet.

Regjeringa vil kome attende til spørsmålet om selskapsskatt i kommuneopposisjonen for 2018.

### **Frivilligsentralar**

Ansvaret for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2017 gjere framlegg om at tilskot til føremålet blir inn-lemma i kommunane sitt rammetilskot. Tilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett utgjer i 2016 kr. 127,8 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangs-periode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil bygge på Kulturdepartementet si for-deling i 2016.

### **Vidareføring av noverande inntektssystem**

Noverande inntektssystem blir vidareført bl.a. knytt til inntektsutjamning, overgangsordning INGAR og telletidspunkt.

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon er 35 prosent under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntekts-system, men graden vil kunne bli justert seinare.

Det er inntil vidare lagt opp til at kommunane sin skattedel av samla inntekter skal utgjere om lag 40 prosent.

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- per innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjøns-tilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriedata, bortfall av småkommunetilskot og nedgang i distriktstilskot.

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring i 2017 vil vere 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2017 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2017. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2016 for rammeoverføring i 2017.

## **Nytt inntektssystem for kommunane**

Framlegg til endringar i inntektssystemet har vore på høyring. Det blei 21.april d.å. inngått avtale mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre i Stortinget om nytt inntektssystem. Fram-legget til nytt inntektssystem i kommuneopposisjonen for 2017 er i samsvar med denne av-talen.

### Basistilskot

Basistilskotet er i noverande inntektssystem eit like stort tilskot per kommune for alle kommunar, uavhengig av talet på innbyggjarar. Tilskotet er i 2016 om lag kr. 13,2 mill. per kommune.

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet framleis skal vere eit like stort tilskotsbeløp per kommune, det vil seie om lag kr. 6,6 mill., i 2016 - kroner. Den andre halvdelen av basis-tilskotet vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi. Strukturverdien er avstand i kilo-meter i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Det blir korrigert for ferjestrekninger.

Ved å gradera halvdelen av basistilskotet på grunnlag av strukturverdi, får kommunar med korte reiseavstandar eit lågare basistilskot enn kommunar med lengre reiseavstandar. Det blir lagt til grunn ein grenseverdi på 25,4 km. ved utrekning av basistilskot. Dersom kommunen sin strukturverdi er 25,4 km. eller høgare, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet bli redusert.

Som følgje av at ein stor del av kommunane i landet får redusert basistilskot, blir sum basis-tilskot for kommunane samla redusert. Dette frigjer midlar som blir tilbakeførte til kommunane på grunnlag av innbyggjartal. Departementet (KMD) har i førebels utrekning lagt til grunn at denne tilbakeføringa utgjer kr. 243,- per innbyggjar, jf. tabell i kommuneopposisjonen.

Dei kommunane som kjem negativt ut, samanlikna med noverande basistilskot, har ein kombinasjon av låg strukturverdi (korte reiseavstandar) og relativt lågt innbyggjartal. Kommunar med høgt innbyggjartal kjem positivt ut då dei får mykje midlar tilbakeførte av den samla reduksjonen i basistilskot.

Fleire kommunar med lågt innbyggjartal kjem også positivt ut av omlegginga fordi dei har så høg strukturverdi (lange reiseavstandar) at dei får liten eller ingen reduksjon i basistilskotet.

I kommuneopposisjonen, Prop. 123 S, er fordelingsverknadene av gradert basistilskot illustrerte i tabell 7.1, kolonne 4.

Inntektsbortfall frå 2017 som følgje av redusert basistilskot vil bli kompensert i overgangs-perioden for kommunar som vedtek å slå seg saman, jf. punkt over om skjønstillskot.

#### Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskotet blir gitt til kommunar med over 3200 innbyggjarar og distriktsindeks frå 0 til 46. Skattenivået må vere under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Distriktsindeksen gir ut-trykk for distriktsutfordringar gjennom geografi, arbeidsmarknad, inntektsnivå og alders-samansetjing. Jo lågare distriktsindeks, jo større distriktsmessige utfordringar.

Distriktstilskotet blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, gradert på grunnlag av distriktsindeksen. Jo lågare distriktsindeks, jo høgare distriktstilskot både per kommune og per innbyggjar.

I Hordaland får kommunane Etne, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Voss, Kvam og Vaksdal dette distriktstilskotet.

I framlegget er det lagt opp til å gi mindre tilskot per kommune og meir tilskot per innbyggjar. Det vil framleis vere gradering av tilskotet på grunnlag av distriktsindeks. Denne graderinga vil no bli sterke slik at distriktsutfordringar uttrykt gjennom distriktsindeksen vil gi større verknad på tilskotsbeløpet enn tidlegare.

Kommunar med lågt innbyggjartal vil tape på omlegging, t.d. Ullensvang. Fleire av dei mellomstore

kommunane vil tene på omlegging som følgje av større del av fordelinga på grunnlag av innbyggjartal. Kommunar med låg distriktsindeks, t.d. Kvinnherad, vil tene meir på omlegging enn kommunar med høgare distriktsindeks, t.d. Voss.

I kommuneopposisjonen, Prop. 123 S, tabell 7.1, kolonne 5, er det illustrert verknadene av omlegging for distriktstilskot og småkommunetilskot. Utrekning her er basert på distrikts-indeksar for 2014.

For 2017 vil endelige tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015. Dette kan gi relativt store utslag samanlikna med den førebelse illustrasjonen av verknadene i kommuneopposisjonen.

### Småkommunetillegg

Dette tilskotet vil erstatta småkommunetilskotet og vil bli som eit distriktstilskot. Noverande småkommunetilskot er for 2016 om lag kr. 5 ½ mill. per kommune. Noverande tilskot blir gitt med same tilskottssats til alle kommunar under 3200 innbyggjarar og skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Det blir ikkje teke omsyn til distriktsutfordringar.

I framlegget er det lagt opp til trekk i tilskotet på grunnlag av distriktsindeksen. Med høgare distriktsindeks, mindre distriktsutfordringar, vil trekk i tilskotet bli større.

Det vil framleis berre bli tilskottssats per kommune, ikkje tilskot per innbyggjar. Verknader for kommunane i fylket:

	Distriktsindeks	Trekk
Fitjar	57	-50 %
Tysnes	38	-10 %
Jondal	27	-0 %
Ulvik	23	-0 %

Granvin	24	-0 %
Samnanger	56	-50 %
Fedje	24	-0 %
Masfjorden	43	-30 %

I kommuneproposisjonen tabell 7.1, kolonne 5, er det som nemnd illustrert verknadene av omlegging for distriktstilskot og småkommunetilskot. Omlegging gjer at samla små-kommunetilskot vil bli redusert for kommunane i landet. Dette frigjer midlar som blir til-bakeførte kommunane. Departementet har i si førebelse utrekning rekna denne tilbakeføringa til kr. 15,- per innbyggjar.

For 2017 vil endelige tilskot i statsbudsjettet bli baserte på distriktsindeksar oppdaterte til 2015.

#### Kostnadsnøklane

Departementet har gjennomgått kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. No-verande kostnadsnøklar er oppdaterte etter nytt datagrunnlag. Oppdatering blir gjort på grunn-lag av statistiske analysar som forklarer skilnader i kostnadene knytte til alderssamsetjing, sosioøkonomiske tilhøve og busetjing m.m.

Framleggget er i samsvar med høyingsnotatet med unntak av vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma 16 år og over. I høyingsnotatet var det framlegg om å redusera vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma. Det vil bli gjort ytterlegare utgreiing i denne saman-heng. Inntil vidare blir det ingen reduksjon i vekta på dette kriteriet i utgiftsutjamninga.

Det blir lagt opp til oppdatering av kostnadsnøklane om lag kvart fjerde år framover. Ein eventuell reduksjon i vekta på kriteriet for psykisk utviklingshemma vil kunne kome tid-legare.

I kommuneproposisjonen tabell 7.1, kolonne 3, er fordelingsverknadene av endring i kostnadsnøklane illustrerte for kommunane.

Det blir bl.a. lagt større vekt på kriteria innbyggjarar i aldersgruppene 67 - 79 år og 80 - 89 år. Dette bidreg til at kommunar med relativt få innbyggjarar i desse aldersgruppene taper, t.d. kommunane Fjell, Askøy og Meland.

Innbyggjarar 90 år og eldre får lågare vekt. Dessutan får landbrukskriteriet noko lågare vekt, delkriteriet areal dyrka mark blir teke ut og delkriteriet jordbruksverksemder blir vekta opp. Dette bidreg til at fleire distriktskommunar i fylket med relativt mange av dei aller eldste inn-byggjarane og som tradisjonelt har vore landbrukskommunar taper.

### Samla illustrasjon av verknader

I kommuneproposisjonen, tabell 7.1, er dei samla verknadene av endringane i inntektssystemet illustrerte, per innbyggjar. Det må understrekast at dette berre er ein illustrasjon. Dei endelege tala for verknader kjem i statsbudsjettet til hausten og vil vere baserte på eit nyare og opp-datert kriteriegrunnlag. Denne oppdateringa kan gi utslag og endringar samanlikna med illustrasjon som er gitt i kommuneproposisjonen.

Vi vil gjere nærare greie for illustrasjonen i tabell 7.1.

Kolonne 6 syner totale fordelingsverknader, per innbyggjar. Dette består av endringane i kostnadsnøkkelen, basistilskot, distrikts- og småkommunetilskot.

Kolonne 7 syner kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR, per innbyggjar. INGAR gir kompensasjon dersom tap frå eit år til det neste året er større enn kr. 300,- per innbyggjar. Utrekning i illustrasjon er berre knytt til sjølve endringane i inntektssystemet isolert.

Kompensasjon gjennom INGAR gjer at tap frå eit år til det neste ikkje blir for stort. Kompen-sasjonen blir gradvis mindre år for år. Tapet vil difor kome fullt ut etter ein periode, t.d. etter to - tre år.

INGAR i illustrasjonen er utrekna som, per innbyggjar:

- Total fordelingsverknad, frå kolonne 6, dersom tap er større enn kr. 300,-

- Trekk med kr. 300,- då det er tap utover dette nivået som blir kompensert
- Trekk med kr. 48,- som er finansieringa av ordninga for kommunane samla

Trekk kr. 48,- per innbyggjar vil vere for alle kommunar, både dei som tener og dei som taper på omlegging.

Kolonne 8 syner illustrasjon av førsteårsverknad for 2017. Det er lagt til grunn ein generell vekst i frie inntekter frå 2016 til 2017 med kr. 3,45 mrd. for kommunane samla i landet (før priskompensasjon til 2017-kroner), som utgjer kr. 668,- per innbyggjar.

Førsteårsverknad er utrekna som, per innbyggjar:

- Total fordelingsverknad, frå kolonne 6
- Tillegg med kr. 668,- i generell vekst
- Tillegg med kompensasjon gjennom INGAR. Dersom ingen kompensasjon, vil det likevel bli eit trekk på kr. 48,- (førebels utrekning) som alle kommunar må bidra med til ordninga.

I denne illustrasjonen vil ingen kommunar kome ut med ein svakare førsteårsverknad enn + kr. 320,- per innbyggjar som følgje av overgangsordninga INGAR og generell vekst i frie inntekter (- 300 - 48 + 668 = + 320 ).

## **Statsbudsjett 2017**

Statsbudsjettet blir lagt fram torsdag 6.oktober.

---

## **Samfunnsdel kommuneplan for perioden 2015 – 2027**

Austrheim kommunestyre har i møte den 04.02.15 godkjent samfunnsdelen i kommuneplanen for perioden 2015 – 2027.

## **Hovudverdi for Austrheim**

Austrheim kommune skal vera tydeleg, ansvarleg og raus.

Andre viktige tema:

#### [Austrheim heile livet](#)

I Austrheim skal det vera godt for alle å bu, arbeide og ha fritid , heile livet.

#### **Kystkultur**

Austrheim har ei tydeleg maritim tilknyting og satsing på havsport er ein naturleg vidareføring av denne.

Den maritime tilknytinga og verdien av den er og lagt inn i utbygginga av private og offentlege bygg.

Austrheim sine 489 øyar, holmar og skjer er eitt av dei største utfartsområda for båt i fylket.

#### [Turstiar/ Folkehelse/ Fysisk aktivitet](#)

Det opne flate kystlandskapet er ein viktig varig verdi for Austrheim. Folkehelsa vert prioritert gjennom å legge tilrette for bruken av dette, mellom anna ved å etablera turstiar.

#### [Lynghjiane/Kulturlandskap/Kulturminne](#)

Lynghelandskapet i Austrheim og Nordhordland er internasjonalt kjend.

«Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen» og meir enn 30 steinalderbuplassar finn du i Austrheim, og nokre av dei er mellom dei eldste i landet.

[Vardetangen 4 grader 56 min. 43,182 sek. austleg lengde, 60 grader 48 min. 36,614 sek. nordleg breidde.](#)

Austrheim kommune har det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg.

## **Visjon**

Visjon for utvikling og vekst

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilet av korleis Austrheim samfunnet skal bli.

Visjonen kan vere eit utrykk for innbyggjarane sine ynskjer, verdiar, behov og draumar.

Vår visjon er :

[Et livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.](#)

Hovudmåla er :

-[Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.](#)

-[Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.](#)

-[Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.](#)

## **Forventningar fram mot 2027**

Samferdselsløysingane vert betre og det vert utvikla gode knutepunkt med overgangar frå privat til offentleg transport.

Fokuset vert endå sterkare på utbygging av trygg infrastruktur. Spesielt vert det ei auka satsing på klimavenleg transport og satsing på gang og sykkelvegar. Denne satsinga vert eit viktig bidrag til betring av folkehelsa.

Verdien av å bu og besøkje Austrheim vert auka gjennom at fleire nyttar naturverdiane våre, og gjennom utvikling av bobilplassar, campingområde og hotell. Det vert auka fokus på reiseliv og

havsport som næringsvegar.

Vardetangen vert eit viktig reisemål både lokalt og nasjonalt, samt eit utgangspunkt eller mål for «reiser Norge på tvers».

Mongstadområdet vert utvikla vidare for å få maksimal utnytting av hamne- og industriområdet. Store prosjekt innan oljenæringa gjev rom for auka næringsutvikling og det vert tilrettelagt næringsområde i nærleiken.

Austrheim kommunesentrums vert ein tydeleg tettstad og eit regionalt knutepunkt i nordre del av Nordhordland og tilgrensande regionar i nærleiken av Fensfjorden. Det vert eit lokalsenter i Fonnes - Kaland området. Det vert meir fokus på sentrumsnær bustadbygging og næring/handel i sentrum. Det vert auka fokus på å skapa liv i sentrum gjennom etablering av arenaer for , kultur, trening, bading, kunst og uteopphald.

Det vert gjennomført tiltak for å få til butilbod for alle, med varierande bustader som er tilpassa funksjonsnivå, utleige og med gode finansieringsordningar. Det vert tilgang på attraktive bustadområde i nærleiken av, eller med god tilgang til sjø.

Austrheim Vidaregåande skule vert rusta opp og får stadfesta si stilling som den viktigaste lærestaden i nordre del av Nordhordlandsregionen og søre del av Sogn og Fjordane.

Kommunen sitt tenestetilbod vert framleis høgt prioritert.

- Det vert moderne barnehagar med full dekning.
- Det vert etablert ny skulestruktur med skuleanlegg for best mogeleg og moderne læremiljø.
- Kommunen vil ha sterkt fokus på beredskap og tryggleik i samarbeid med dei andre kommunane i regionen.
- Kommunen skal vedlikehalda kommunale bygg og eigedomar innanfor prioriterte rammer.
- Kommunen vil vera pådrivar for fibernetutbygging og av vatn/avlupsnett utbygging.
- Tenestetilbodet for dei eldre vert godt utbygd og moderne.
- Tenestetilbodet for dei utviklingshemma vert styrka.
- Kulturhistoria og kulturminna i kommunen vert ivaretake og formidla til nye generasjonar.

Tradisjonelt fiskeri, landbruk og primærnæringane vert utvikla og vidareført.

Det vert auka merksemd på arealbruk, beitebruk, landbruk og lyngbrenning når det gjeld attgroing.

Med basis i dei hovudmål, delmål, visjon og forventningar fram mot år 2027 som kommunestyret har vedteke, vil verksemplanner verta utarbeid for dei einskilde avdelingane.

#### **Frie inntekter 2017-2020 – Lokal konsekvens**

Dei frie inntektene for Austrheim kommune auker i 2017 og vil bli vidareført på dette nivået i resten av planperioden.

Fordelingsvirkning av endringar i inntektssystemet( i kroner) frå tabell 7.1 i kommune-proposisjonen 2017:

Kol. 2	Kol. 3	Kol. 4	Kol. 5	Kol. 6	Kol.7	Kol.8
Anslag frie innt. 2016	Virkning ny kostnads-nøkkel	Virkning endring i basistilskot	Virkning region-politisk tilskot	Total fordeling virkning	Inntekts-garanti-ordning	Anslag førsteårs-virkning
169.352.232	2.387.616	-2.964.528	42.840	-531.216	-137.088	1.236.648

I tillegg vil det bli lagt inn fylgjande endringar i statsbudsjettet for 2017:	<u>Kol.8 forts.</u>
Bortfall av ekstra skjønstillskot:	-1.600.000
<u>Småkommunetillskot redusert med 50%:</u>	<u>2.750.000</u>
<u>Total kolonne 8</u>	<u>: 2.386.648</u>

Sjå fylkesmannen sine forklaringar på innhaldet i kolonnene.

Men som det går fram av avsnitta ovanfor, så er det ikkje rom for å auke driftsnivået som følgje av denne økonomiproposisjonen.

#### **Andre overordna statlege tilskot**

Desse består i stor grad av rentekompensasjonstilskot. Desse tilskota vil endra seg i takt med marknadsrenta. Den har som kjent gått ned dei siste åra og vil truleg halde seg ned i nokre år iflg. Noregs bank.

Med i denne planen følgjer tilskota kommunen sitt planlagde renteutgiftsnivå.

#### **Eigedomsskatt**

Eigedomsskatten er oppjustert frå 2017 der annan næring og hus og fritidseigedomar er lagt inn som inntekt.

I år 2019 skal eigedomsskatten prisjusterast, om ikkje denne skatteordninga får ei anna innretning i framtida. Om så skulle skje, vert det endå meir presserande å halde driftsnivået uavhengig av vekst i eigedomsskatteinntektene i 2019.

#### **Renteinntekter og utbyte**

Det er tatt høgde for at utbyte frå BKK vil auke i planperioden.

Renteinntektene er nedjustert til eit nøyternt nivå.

#### **Rente- og avdragsvilkår**

Økonomiplanen er basert på fylgjande rentenivå:

2016: 1,55%

2017: 1,55%

2018: 2,0%

2019: 2,0%

2020: 2,0%

Dette er i tråd med signala frå Noregs Bank i høve framtidig rentenivå.

#### **Om forventa utgiftsvekst i planperioden:**

Austrheim kommune er ein kommune med ei rimeleg god og stabil drift. Som vist tidlegare er det på gang eit prosjekt i høve nedjustering/effektivisering av drift slik at kostnadnadsnivået føl utviklinga i samsvar med nivået for 2016.

Demografien er også rimeleg stabil fram mot år 2020 og det er kjent at eldrebølga ikkje kjem over Austrheim kommune før på dette årstalet.» Vekstsmertene» har vorte dempa ved at kommunen har vore i forkat med investeringar, har planlagt for framtida og evnar sjå utfordringar som kjem lenger fram i tid.

Den demografiske utgiftsveksten i åra som kjem, vert difor forventa å ligga på nivå med den jamne prisveksten i dei nærmaste åra som kjem.

Den siste tids folketalsutvikling stadfestar at ein kan venta seg ei rimeleg normal utvikling.

Det er forventa ei nokonlunde stabil utvikling i høve til behovet for barnehageplasser og elevar i skulane.

Det er i perioden lagt inn ei kostnadsvekst for barnevernet , sosiale kostnader og introduksjonstilskot.

**Til fordeling drift:**

Nedenfor er utviklinga i fordeling drift i planperioden:

RB1 2016: kr. 177.710.000

ØP 2017: « 186.157.000

ØP 2018: « 182.441.000

ØP 2019: « 180.197.000

ØP 2020: « 179.060.000

**Endringsframlegg i drifta:**

Dette framlegget til økonomiplan ber preg av å vera ei prolongering av eksisterande økonomiplan for den daglege drifta med utgangspunkt i budsjett 2016.

Rammene er stramme frå før av og signala om framtidig inntektsnivå, inviterer ikkje til utgiftsauke i denne perioden.

Utgangspunktet elles er at prosjektet som jobbar med kostnadsreduserande tiltak skal oppnå nødvendige nedskjeringar slik at kostnadene ikkje overstiger nivået som er lagt i økonomiplanen.

Pensjonskostnader/premieavvik:

Pensjonskostnadene føl lønsutviklinga og vil auke.

Sjå elles fylkesmannen sine merknader i høve pensjonskostnader i kommuneopplegget for 2017.

**Investeringar, låneopptak og gjeldsnivå:**

Investeringsnivået har vore høgt i kommunen i dei seinaste åra med tilhøyrande høge låneopptak. Samla brutto lånegjeld pr. 31.12-2015 var på kr. 246.200.000,- .

Tabell over årleg gjeldsvekst/reduksjon(lån)

Bruk av lån	2017	2018	2019	2020
Eigne lån	9.795.000	7.267.000	4.260.000	-2.200.00
Startlån	500.000	500.000	500.000	500.000

Rentenivået i 2016 og 2017 er på 1,55%. I 2018,2019 og 2020 er rentenivået på 2,0%.

Så lenge rentenivået er som i dag og med endra avdragsprofil kan Austrheim leve med denne høge lånegjelda, sjå elles merknader frå fylkesmannen sitt skriv av 12.04.16 til budsjett og økonomiplan.

Av tabellen nedenfor ser vi at låneopptaket i 2015 er relativt høgt i høve til gjeldande økonomiplan. Med utgangspunkt i refinansieringa i 2014 er avdragsprofilen vesentleg endra.

År	Investeringsnivå	Låneopptak	Avdrag	Renter
2015	41.602.762	30.990.000	7.000.000	3.798.000
2016	11.750.000	7.773.000	7.429.000	3.860.000
2017	18.600.000	17.800.000	8.005.000	3.925.000
2018	17.000.000	16.200.000	8.933.000	4.754.000
2019	14.000.000	13.200.000	8.940.000	4.585.000
2020	7.600.000	6.800.000	9.000.000	4.700.000

### **Om føreslegne endringar i økonomiplanen:**

I tabellen for investeringer er det ein del endringar i høve gjeldande økonomiplan. I 2015 er oppgradering av Årås skule prioritert med ei investering på kr. 21.700.000,-. Planlagde investeringar i etterfylgjande år går ut.

VVA har store investeringar på gang dei neste åra. Her er det lagt inn kr. 3.000.000,- i kvar åra åra i planperioden. Det det lagt inn kr. 5.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i prosjektet omsorgsbustader. Kaland idrettsplass har behov for oppgradering og det er tatt inn kr. 5.000.000,- i 2019. Investeringsprosjekta i gjeldande økonomiplan er vidareført.

### **Vurdering**

I 2015 vart det eit underskot på kr. 8.2 mill.. Dette er i planen dekka inn i 2016 og 2017. I årå 2018 og 2019 er det budsjettert med overskot.

Kommuneopplegget for 2017 gjev eit inntektssystem som vil gje auke i dei frie inntekten ifrå 2017 i høve til dei frie inntektene i 2016.

I 2017 vil det bli innført eigedomsskatt for anna næring og hus og hytte som vil auke inntektsgrunnlaget til kommunen vesentleg. Dette vil bidra til å nedbetale underskotet frå 2015 og i tillegg gje overskot i drifta for åra 2018, 2019 og 2020.

Det er no satt i gong eit prosjekt der det var fokus på reduksjon av utgiftene.

Som ein del av dette prosjektet vert alle ledige stillingar vurdert av rådmannsgruppa . Dette tiltaket har allereie gjev store innsparinger.

I 2015 vart det gjennomført refinansiering av alle låna til kommunen(startlån er utanom) der renta vart bunden på eit lågt nivå og avdragsprofilen er endra.

### **Konklusjon**

Økonomiplanen vert vurdert til å vera ein plan det går an å leva med. Inntekter er budsjettert så realistisk som mogeleg.

Dersom driftsutgiftene vert halden under kontroll i åra som kjem og ein lukkast med innsparingstiltak som det jobbast med kan driftsramma som ligg i planen haldast. Det er behov for ny tilgang til inntekter og det innførast eigedomsskatt for annan æring og hus og hytter frå 2017.

Sjølv om dei økonomiske føresetnadene er rimeleg tøffe i åra som kjem, så rår rådmannen over medarbeidarar som har eit høgt fagleg nivå og som har synt seg å vera ansvarleg og kreativ på løysingar når det røyner som verst.

Rådmannen tilrar at både driftsrammene og investeringsrammene for 2017 – 2020, vert vedteke slik dei ligg føre i tabelloppsettet som følgjer saka.

Eg rår til fylgjande:

- 1. Økonomiplan 2017-2020, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde driftsåra:**

Rammeområde:	2017	2018	2019	2020

- 2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2017**
- 3. Dei totale investeringsrammene for åra 2017-2020, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einskilde driftsåra:**

Pr.nr.	Investeringar:	2017	2018	2019	2020